



Årsmelding 2016

Styret i NHP 2016:

Leiar: Audun Håland
Nestleiar: Nina Mowinckel
Styremedlemer: Kari Soltveit
Kristin Sommerschild
Nicholas Tveit
Svein Viken
Torbjørn Leknes
Øystein Thunold

Vara: Dag Sudmann
Kjell Mjøs
Valkomité: Arne Eikefet, leiar
Kjartan Nyhammer
Tone Rugset
Kasserar: Kristin Sommerschild

Revisor: Erling Rønnestad

Medlem idrettsrådet: Audun Håland

Det er halde 6 styremøte, og styret har hatt ---- saker til behandling

Ved årsskiftet var det 244 medlemer, fordelt på 111 kvinner og 133 menn

Aktivitet 2016

2016 har vore eit år med bra aktivitet på nokre område, mindre på andre.

Som tidlegare år er det størst og flittigast deltaking på lågterskeltilbodet vårt, med god aktivitet stort sett kvar onsdag i heile sommartid-sesongen. I tillegg har vi hatt andre aktivitetar:

-tilbod for fysisk funksjonshemma ilag med Turbo, treningsenter i Bergen for funksjonshemma born
Svært god deltaking, flotte opplevingar!

-sommaraktivitetstilbod for ungdomsklubben i Radøy v/Katarina Birkeland, 2 kjekke dagar!

-sommaraktivitetstilbod for born i Meland, eit tilbod gjennom Frivilligsentralen for born i låginntektsfamiliar (primært), med super hjelp av flyktninger!

-naustfest for alle i Dag og Åse sitt naust, med lågterskelaktivitet og kajakkdemo frå Seabird i forkant.
Kjekk kveld i triveleg lokale; takk til Dag og Åse!

-st.Hansfeiring i Haltejohansvika ilag med Frekhaugmarka Vel. Populært innslag også i år! Stort sett polokajakkane som var i bruk, for enklare logistikk, men våre barnekajakkar vil passe godt her!

-Kick-off for Kystsogevekene på Littlebergen, med stor kajakkflate frå NHP, fleire nasjonalitetar. Kjekt å vise fram breidden i klubben, positiv omtale frå m.a. Melandsordførar Øyvind Oddekalv

-samarbeid med Nordhordland folkehøgskule, med 3 gonger heildagsaktivitet havkajakk for skulens friluftslinje. Gratistilbod i byte med gratis basseng kvar onsdag i vinterhalvåret; vinn-vinn!

-introkurs for einslege mindreårige asylsøkjarar (EMA) ved mottaket på Vågseidet. Kjekke og sporty ungdommar, nokre med därleg sjøerfaring i samband med strabasiøs flyktningreise. Desse har i vinter tilbod om gratis kajakkleik i basseng annankvar onsdag etter nemnde avtale med folkehøgskulen. Her fekk vi kr 15.000 i støtte frå NIF sine flyktningmidlar. God hjelp til innkjøp av nye tørrdrakter!

-bassengtilbod (2 t) lågterskelgruppa annankvar onsdag, same stad.

-bassengtilbod (1 t) funksjonsfriske kvar onsdag i vinterhalvåret; godt høve til gratis teknikktraining!

-Rongevær 2016. Dette er på mange måtar klubbens største, mest arbeidskrevjande og kjekkaste årlege arrangement. Sjølv om tilboden var for alle, hadde vi i 2016 hovudfokus på å gje eit godt sommaraktivitetstilbod for lågterskelgruppa, der vi for første gong inviterte til aktivitetar over fleire dagar, med overnatting i Rongevær kurs-og konferansesenter for dei som ville. Utruleg kjekk oppleving, med padling til Sauesanden for heile gjengen, grill og god mat der, og ikkje minst flott festmiddag i sjøhuset om kvelden. Her er mange som må takkast:

-Odd og Harald Øksnes for velvillig lån av småbåten pluss god hjelp til transport med storbåten

-Terje Kreybu, Kjell Mjøs, Åse Sudmann, Merethe og Arne Eikefet og fleire andre medpadlarar/hjelparar, Jørgen Mowinckel for kajakktransport med hengar

-Mabel Johansen for framifrå kokkelering til festmiddagen

-Maria og Rebekka Eikefet for vakker musikk under festmiddagen, samt god hjelp elles

-OG arbeidgruppa for god planlegging og innsats!

I år har vi søkt, og fått, midlar frå Gjensidigestiftelsen til eit ambisiøst tiltak: Sommarcamp i Austrheim/ Rongevær for alle bufellesskapa i Nordhordland og andre med funksjonshemming eller særlege behov for tilrettelegging, t.d. flyktningar.

Nina Mowinckel er initiativtakar og søkeradsskrivar, og vi har fått kr 78.000 til tiltaket! Dette går til leige av Rongevær, transportkostnader på sjø og land, innkjøp av nødvendig nytt utstyr, evt utgifter til instruktørar / hjelparar, mat og liknande. Dette blir eit stort løft, men vi gler oss. Arrangementet er ope for alle, med gratis overnatting, men hovudfokus blir på lågterskelgruppa i vid forstand, og desse vil bli prioritert også ved innkvartering. Men det blir sikkert plass til fleire, så sett av første veka i august!

Elles må nemnast klubbens kurstilbod, både introkurs og grunnkurs, med god deltaking, glade og fornøgde deltakarar og inntekt til klubben. Stor takk til Toril Mulen, og Merethe Eikefet som instruktørar!

Andre aktivitetar:

- «minikurs» i Mjøsvågen for tilsette ved Mjøs Metallvarefabrikk (Audun)
- Kajakktildod i Mildevågen for bebruarar ved Hjellestadklinikken (Ove og Audun)
- kajakktildod for same gruppe ved naustet, tur rundt Flatøy (Ove og Audun)
- kajakktildod for elevar ved Danielsen ungdomsskule (Merethe og Audun)

Nokre av desse tilboda gjev beskjeden inntekt i kroner og øre, men bidreg sterkt til omdømmebygging og kredibilitet ved søkerad / tildeling av midlar. I tillegg er det kjekt å kunne sjå på klubben vår som ein OK folkehelseaktør som er blitt invitert til samarbeid på dette feltet, av m.a:

- Meland kommune v/ Frivilligsentralen, m.a planar om kick-off-arrangement for å få inkluderingskontaktar i alle idrettslag og lag utanfor idretten, sommaraktivitetstilbodet med fattigdomsmidlar
- Hordaland idrettskrins om aktivitetstilbod til born/unge med diagnosar som ADHD, autisme, Aspergers, Tourettes) i Nordhordlandsregionen. Dette etter modell av Idrett Bergen Sør (IBS), som gjer banebrytande arbeid for denne målgruppa, som dessverre er klart overrepresentert i fengsel, rus og psykiatri. Her er mykje ugjort, men mykje kan lett gjerast med gode samarbeidspartar!
- Regionkonsulenten (Thea Christiansen) for idrett for funksjonshemma. God referanse ved søkerad om midlar til kajakkbrygge for funksjonshemma. Sparebankstiftelsen Vest har alt gitt oss kr. 50.000 til dette føremålet, men her må avklarast meir omkring plassering av brygge.

Klubbens inkluderingsprofil blir også lagt merke til utanfor kommunegrensene, og er eit godt aktivum å ta med inn i ein framtidig storkommune.

Den faste onsdagspadlinga (funksjonsfriske) har hatt varierande, men heller svak oppslutnad. Vi har prøvd med ulike klokkeslett, utan at dette har gitt store utslag. Det har kome fram ønske om meir fokus på aktivitetstilbod for funksjonsfriske born, unge og vaksne, men dette er eit ressurs-spørsmål. Det er ikkje tvil om at mykje kan gjerast for å få til større deltaking, men det krev at dei av oss med aktivitetsleiarkompetanse tek ansvar for slik aktivitet, slik tanken har vore med å gje slik utdanning.

Nicholas Tveit tok eit prisverdig initiativ til eit møte for klubbens aktivitetsleiarar med tanke på å få til ein slags vaktplan der alle kunne ta sin tørn. Det kom dessverre lite ut av dette møtet, der hovudtema etter kvart blei økonomi. Dette er dessverre ikkje spesielt for vår klubb; dei fleste (idretts)lag og organisasjonar slit med det same.

For å få litt meir liv og deltaking i klubben, hadde vi i samarbeid med Norges Padleforbund (NPF) eit klubbutviklingsmøte i april. Møtet munna ut i gode intensjonar om tiltak. Noko er blitt gjennomført, noko ikkje. Planen var eit oppfølgingsmøte på hausten, men dette måtte prioriterast bort grunna andre oppgåver og noko lunken interesse. Her håpar vi å komme sterkare tilbake ☺.

Flattvatn og kajakkpolo: Her har vore sporadisk og heller liten aktivitet, då klubben for tida manglar ressurspersonar på dette området. Men vi har håp om å få opp denne aktiviteten ved hjelp av nye medlemer med flott dugnadsånd og interesse for desse disciplinane, samt invitert til samarbeid med andre klubbar. Her må særleg nemnast Ove Nordvik og Atle Bergseth, sistnemnde med friske planar for padlefasilitetar ved utløpet av Rylandsvatnet ved Rossland skule. Sjå eiga sak.

Planar for aktivitet 2017

Utover våre faste aktivitetar har vi i år fått servert på sølvfat eit framlegg frå vårt nye medlem Atle Bergset: Vannkarusellen 2017. Dette er eit program med 6 kajakkløp gjennom året, 3 løp før sommarferien, 3 løp etter. Dels på ferskvatn, dels på sjø. Sjå elles eiga sak.